

KYRKJEKONTAKTEN

NR.3 — 2021 · 46. ÅRGANG · KYRKJELYDSBLAD FOR ALVERSUND / KNARVIK / LYGRA / SEIM



S. 2-3: GEIR PAKKAR
AMERIKAKOFFERTEN



Geir Øy tok farvel med kyrkjelydane i Knarvik sokn på avskilsgudstenesta 22. august.

Geir Øy – ny sjømannsprest i New York

Tekst og foto: Øystein Skauge

Geir, no reiser du frå bygda og kyrkja vår til storbyen New York og presteteneste for nordmenn der borte. Kva er dine sterkeste inntrykk frå Knarvik sokn etter dei åra du har vore prest her?

Soknepresten er kjapp i svaret: – Det var utfordringa med å få den nye kyrkja i Knarvik til å «setje seg» i bygda og i kyrkjelyden. Å vere med på å gjøre ei ny kyrkje til ein plattform i lokalmiljøet. No ser vi at Knarvik på ein måte har fått eit namn gjennom kyrkja. Bygda har fått eit signalbygg. Og vi har opplevd at mange har fått lyst å vere med i kyrkja og kyrkjelyden.

Den enkelthendinga som har betydd mest, var NRK sine overføringer av gudstenester frå Knarvik. Fremst TV-gudstenester i påska 2019, men seinare også i radiogudstenester. TV-gudstenestene skapte begeistring i kyrkjelyden og langt ut over det. Mange var stolte over Knarvik kyrkjelyd. Vi fekk mange gode tilbakemeldingar.

Kva vil du seie om tilhøvet mellom Knarvik kyrkje og kulturlivet i bygda?

– Kulturen er ein viktig berebjelke for oss. Det er heile tida vesentleg for Knarvik-kyrkja å gje rom for ein stor breidde av kulturuttrykk. Under desse første år av kyrkja si historie har det kvart år vore tilstellingar og hendingar

som skapte eit ekstra liv og fokus på kyrkja. Som f.eks. opninga av kyrkjekjellaren, reformasjonsjubileet i 2017, lesinga av Bibelen på langs som også inkluderte store kulturarrangement.

Men i tida som no kjem, vil det vere ei oppgåve, f.eks for min etterfølgjar, å dra inn fleire av mellomgenerasjon, 40-50 åringane, i kyrkjeearbeidet. Eg føler ikkje at eg for min del har lukkast godt nok med det.

Kva med forholdet mellom Knarvik og dei tre andre sokna?

– Dette har gått seg til. Folk i dei tre andre krinsane, Alversund, Seim og Lygra ser at Knarvik blir hovudkyrkja. Men dei ser samstundes at folk får utført alle dei kyrklelege tenestene, som t.d. gravferd og dåp, som dei ynskjer seg i lokalkyrkja si. Slik må det også vere.

Går folk til gudstenester på tvers av kyrkjekrinsane i Knarvik sokn?

– Dette sit eit stykke inne å få til. Skulle gjerne ynskje at fleire gjorde det same som nokre få gjer, at dei besøkte andre kyrkjer i soknet enn nett der dei bur.

Men Geir Øy legg til: - Eg opplevde samanslåinga av desse fire sokna til eit sokn som ein god prosess. F.eks. kom framleget om at soknet skulle heite Knarvik frå Seim sokneråd. Det trur eg var rett.

No opplever eg at eitt sokneråd i staden for tre, fungerer fint.

Det vil vere viktig med medlemmer i rådet frå alle krinsane, men ved eit val er det vanskeleg å garantere at det faktisk blir slik når valet skal skje. Men uansett vil det vere ei viktig oppgåve for soknerådet å halde oppe eit lokalt engasjement i alle krinsane. I Alversund er Kyrkjelydshuset ein god base for lokalt kyrkjeearbeid. I Seim og Lygra er gudstenestene det viktigaste. Slik var det også tidlegare.

Bemanningssituasjonen i Knarvik sokn er god. Men eg skulle gjerne ynskt at vi også hadde ein diakon i eit så stort sokn.

Du framstår som ein prest som legg vekt på å undervise gjennom forkynninga di. Er dette noko medvite?

– Det har sikkert utvikla seg gjennom åra, seier presten, -men eg likar å vere pedagogisk i mi tilnærming. Eg prøver å unngå framandord, og teologiske faguttrykk må forklarast. Eit mål er å få fram eit enkelt poeng som folk kan hugse og grunne på når dei går frå kyrkja.

No har du vore prest i snart 30 år. Har det gjennom desse åra vore noko skriftord eller anna som har vore ein berande faktor i din presteteneste?

– Det er så mange gode bibelvers. Eit slikt vers står i Klag 3,22-23: «Herren er nådig, vi går ikkje til grunne. Hans miskunn tek ikkje slutt, ho er ny kvar morgen.» Dette er eit godt ord å kvile i, for meg, og sikkert for alle.

Gudstenester for vaksne, unge eller born. Kva likar du best?

– Familiegudstenester som verkeleg tar av, det gjev meg stor glede. Det er fantastisk å oppleve at folk i alle aldrar er samde om at «I dag var det flott!» Men eg er litt altetande og allsidig med evnene mine. Eg har motivasjon for det meste.

Kva med gravferder? Kva gjer desse med deg?

– Gravferd er den delen av prestetenesta som eg minst vil unnvere. Ikkje fordi det er så kjekt, men fordi det er veldig meiningsfullt. Ein går ved sida av ein familie, nokre få steg, men på viktige dagar. Arbeidet med minnetalane gjev meg innsikt, ikkje berre i ei familiehistorie, men også i bygda si historie. Det er interessant å sjå korleis livet i ei bygd har vore.

Kva var det som freista deg til å søkje deg til New York?

– To ting: Eg trur at eg er ein type prest som vil passe inn i nettopp ein slik kyrkjelyd. Eg likar å vere vertskap, ta mot folk, skape eit miljø for så mange som råd er. Det er berre eg som er tilsett for å gjere dette, men kona mi, Hilde, skal delta som friviljug i arbeidet.



Men så lokkar også sjølve eventyret, det å bu i denne verdensbyen, å få oppleve det pulserande livet i storbyen - i ein periode på tre-fem år.

Det er godt flysamband heim, lett å ta seg fram og tilbake.

Kor stor er kyrkjelyden?

– Det bur mange nordmenn der borte. Vi er to prestar, og den andre presten vil bl.a. ha hovudansvaret for hovedstaden Washington med norsk ambassade og alt det medfører. Så er det litt oppgåver å utføre i Canada.

Hovudoppgåva mi blir å vere dagleg leiar, styre heile butikken. Dei 10.000 - 15.000 nordmennene bur spreidd over heile staten New York.

No blir det å starte litt på nytt etter koronasituasjonen. To av fire i staben er nye frå hausten av. Det blir nesten som å starte frå scratch. Jula og 17. mai er veldig store dagar. Det blir heilt sikkert ein del bryllaup, og kanskje ei gravferd ein sjeldan gong for ein nordmann som har budd der i mange år.

Har du nokre ord til Knarvik-folket før du dreg?

– Eg sluttar med vemo etter gode år. Det er ei glede for meg å ha vore her. Mitt ynskje er at folk må sjå at Knarvik og kyrkjene i soknet er ein god stad å vere. No ventar det ei stor oppgåve å få full aktivitet igjen i dei fire kyrkjene i Knarvik sokn etter pandemien, særleg mellom born og unge familiar.

Kva når tida i NY er over?

– Også då vil Knarvik vere basen i familien vår. Planen er å bu her og ha ein naturleg reiseavstand til ein annan jobb. Eller kanskje vil andre ting vil dukke opp, og at vi kan kome tilbake hit når vi blir pensjonistar, seier den påtroppande sjømannspresten i New York.

Geir Øy

55 år

Gift med Hilde. Ein vaksen son.

Frå Voss-Lindås-Arna

Utdanna ved Misjonshøgskulen i Stavanger

Ordinert 1994 i Arna kyrkje

Tidlegare jobbar:

Feltprest - Kateket - Lærar på ungdomsskule

Sokneprest, Jørpeland i 13 år

Mottaksleiar ved asylmottak på Jørpeland i tre år

Sokneprest i Knarvik (tidl. Alversund) sokn frå 2014

Påtroppande sjømannsprest i New York hausten 2021

430 år gammal Bibel i gave til Knarvik sokn

Tekst og foto: Øystein Skauge

Kyrkja i Knarvik får i desse dagar ei stor og verdfull gave - ei gave som er så verdfull at den knapt kan setjast pris på i norske kroner.

Det handlar om ein av dei aller eldste biblane vi har i landet. Den første Bibelen i Noreg kom frå den danske kongen Christian III, som i 1550 hadde klar ei heil omsetjing av Bibelen til dansk.

Den neste i kongerekka var kong Fredrik II, som i 1589 kunne gje ut ei lett revidert utgåve av den aller første Bibelen. Det er eit eksemplar av denne, Fredrik II sin Bibel, trykt i 1589, Knarvik sokn no får eit eksemplar av.

Gjevaren av Bibelen er Johan Litleskare som bur på slektsgarden på Litleskare. Bibelen har vore i eige hjå hans familie sidan ein gong på 1800-talet.

Litleskare fortel at han sjølv ser på denne spesielle boka som ein historisk gjenstand som nokon har teke vare på sidan Bibelen vart trykt i 1589. Ein av hans forfedrar kjøpte han på ein auksjon i Isdal, truleg på slutten av 1800-talet, og seinare har familien teke vare på Bibelen.

- Mine nære forfedre har ikkje hatt så mykje interesse av boka utover å ha den i ei bokhylle, fortel Johan Litleskare. - Sjølv har eg relativt stor interesse av det historiske ved boka, og eg håpar at nokon vil ta vare på Bibelen inn i framtida, slik at den varer enno i 450 år. Det er ingen etter meg som vil ha interesse av dette, men eg vil gjere eit forsøk på at Bibelen skal vernast i tider som kjem ved å plassere den på ein stad der det er sannsynleg at den kan takast vare på.


Dette er tematikken for å overføre Bibelen til kyrkja i Knarvik, kyrkja som ligg nærmast Isdalsbygda der han lokalt har si rot her i dette soknet.

Av handskrivne notatar på dei første sidene i Bibelen går det fram at han tidlegare høyrdhe heime i Sunnhordland.

Første namnet som er skrive inn er Søfren Søfrensen, tollar i Sunnhordland fram til han flytta til Bergen i 1607 der han var tollar, rådmann, byfut og borgarmeister. Han døydde i 1621. Kona hans, Sara Mikkelsdatter, er ei av fleire som også



Johan Litleskare viser fram den over 400 år gamle Bibelen som han gjev til Knarvik kyrkje.



Bibelen vart trykt i København i 1588 og 1589, slik det går fram på desse sidene frå Salomos Høgsong og innleiinga til dei gamaltestamentlege profetane.

har skrive namnet sitt i Bibelen.

Søfren etterlet seg stor skuld då han døyde, og det er grunn til å tro at i oppgjeret etter hans død, vart Bibelen pantsett for 14 riksdaalar. Bibelen kom tilbake frå Bergen til Sunnhordland, til futegarden på Huglo.

Det er uklårt korleis Bibelen etter kvart hamna her i bygdene, i Isdal. Men i Bibelen er det skrive inn:

«Isdal 1.mai 1878
Andres Bastesen Isdal
frøgt god skal du stødig stå
din fod skal dig ei glide få»

Deretter er det skrive inn ei rekke namn på folk i Isdalbygda.

Bibelen vert no teken imot av soknerådet i Knarvik som vil avgjere korleis han skal handsamast, og korleis bygdefolket skal kunne få sjå denne eineståande boka.



Etikk i fokus – kvifor det?

Tekst: Arthur Kleiveland

Foto: Privat

Svaret på spørsmålet overskrifta stiller, er: Fordi det handlar om dei vala vi gjer kvar einaste dag.

– Måten vi snakkar om kvarandre på er utruleg avslørande. Til sist er det kvardagsvala som blir avgjeraende – dei avslørar bakanforliggjande haldningar, seier tidlegare Bjørgvinbiskop Ole D. Hagesæther.

«Skal eg seia ja eller nei?» «Skal eg gje eller ta?» "Skal eg oversjå, tilgje, kryssa grenser, stå opp for noko eller velja minste motstands veg?"

Når kyrkjebladet tar opp etiske spørsmål, ser ikkje Hagesæther bort frå at det kan vera nokon som «ryggars».

– Mange opplever etikk som noko veldig teoretisk, moral på si side kan opplevast påtrengjande. Men det treng ikkje vera slik. Vi treng etikken til å underbyggja dei vala vi gjer. Moral er ryggrada i livet vi lever, og handlar om daglege, meir eller mindre ubevisste val – slik det er tusen av i løpet av ein dag, seier Hagesæther.

El-bil, samliv og livets slutt


Han meiner valet mellom el-bil eller bilar med fossilt drivstoff bør vera gjenstand for etisk refleksjon. Det same gjeld viljen til gjenbruk. Og Hagesæther held fram:

– Korleis vi ordnar samliva våre bør ikkje vera basert på det tilfeldige. Våre val ved livets start og avslutning bør absolutt sjåast og reflekterast i eit etisk perpektiv, seier han.

Vi lever berre ein gong, vi har aldri gjort det før. Hagesæther ser det er veldig krevjande å velja veg utan haldepunkt – spesielt når vi ikkje har viskelær i verktøykassen. Difor tenker han det kan vera klokt å lytta til andre sine erfaringar, særleg når ein kjenner eit personleg behov.

Ein farfar i livet

– Ingen ønskjer å få kloke menneske sine «storarta erfaringar» tredd nedover hovudet på seg. Annleis er det når råda kjem frå ein som vi har tillit til, seier Hagesæther, og samstemmer med artisten Odd Nordstoga om at «Ein farfar i livet skull alle ha» - «ein bessfar å vende seg til med alt ein går rundt og lurar på». «For farfar har vore her



før».

– Vi treng forbilde. Teikningar som nokon før oss har lagt etter seg, og som vi andre kan brukha når vi skal teikna våre eigne liv, seier Hagesæther. Som gut hadde han eldre kristne ungdommar som forbilde. I samlivet med Else Liv har han og kona hatt andre ektepar som forbilde.

– Vi ser korleis dei møter kvarandre, ventar på kvarandre, og stimulerer kvarandre.

«Fru Johnsen»

Ole D. Hagesæther er tydeleg på at vi sjølv må ta ansvar for dei vala vi gjer, og at vala våre i praksis viser kva moralsk standard vi har.

– Vi kan lytta til andre, men er ansvarlege for vala sjølve. Slik må det vera - vi er frie menneske. Det er plagsamt når andre menneske tiltar seg definisjonsmakt og bestemmer over andre sine liv.

Hagesæther viser til kontrastane som «Fru Johnsen» opplevde, ifølgje Inger Lise Rypdal sin song; «Tilsynet for høg moral» sette seg til dommar over hennar livsførsel, samtidig som dei sjølve i det skjulte levde usannferdig og løgnaktig. - Det må ikkje vera slik, seier han.

Vårt store forbilde

Hagesæther framhevar at vårt store felles forbilde, Jesus, sette alt på plass då han sa at den som var rein, kunne kasta den første steinen (Johannes-evangeliet kapittel 8).

– Vilje til å vera raus er eit kjenneteikn på god moral. Respekt for menneskeverd er ein verdi alle bør samla seg om. Over heile jorda er Jesus eit udiskutabelt forbilde. Han levde som han lært. Han har heile oversikta.

– Her i kyrkjelydsbladet vil vi henta fram nokre av dei sterke formuleringane han la igjen etter seg. Livsstilen hans viser oss moral i praksis.

FYLKESORDFØRAR JON ASKELAND:

- Asylsaka var eit stort etisk dilemma

Tekst og foto: Håkon Glatved-Prahl

Usemjø og dei steile frontane i samband med forslaget om å leggja eit asylmottak til Hordabøheimen i 2015, var den verste saka Jon Askeland hadde som ordførar på Radøy.

– Det var eit ufatteleg etisk dilemma. På den eine sida hadde Noreg som nasjon ei plikt til å hjelpe fortvila flyktningar ved å leggja til rette for asylmottak i kommunane. På den andre sida utløyste forslaget om asylmottak på Hordabøheimen både sinne og sterke anklagar. Radværingane var splitta på ein måte som tok nattesøvnen frå meg meir enn ein gong, seier Jon Askeland.

Han hugsar folkemøte frå den tida som var heilt forferdelege. Det er eigentleg det verste som kan skje eit lokalsamfunn, at ei bygd og innbyggjarane i kommunen kan bli så fullstendig splitta i ei så krevjande sak, meiner han.

– Det var særdeles tungt. Men så viste det seg at det ikkje blei semje mellom Norsk Mottaksdrift og huseigar Radøy Bemannings AS om leigeavtale, og planane på Hordabøheimen vart skrinlagde. Cirka trekvart år seinare vart det etablert asylmottak på Radøytunet. Og då stilte Hordabø opp! Det var flott å sjå! Heile Radøy-samfunnet stilte opp for asylantane.

To store etikksaker

Den sindige senterparti-karen frå Sæbø vart vald til ordførar i Radøy i 2007, og gjekk frå dette vernet direkte over til å bli fylkesordførar i nye Vestland fylkeskommune for to år sidan. Han meiner det var langt fleire etiske problemstillingar tidlegare enn i våre dagar.

– Etikken er løfta fram på ein måte som gjer at vurderingar om kva som rett eller feil er gjennomgåande i all saksutgreiing og styresett, seier han.

Fylkeskommunen har nedfelt etiske retningslinjer og har også eit eige etikkutval.

– Har det vore mange saker i etikkutvalet?

– Nei, faktisk ikkje, ingen saker har hamna i dette utvalet. I mi tid som fylkesordførar har vi hatt to store, etisk utfordrande saker, men begge desse sakene vart raskt løfta opp på eit høgare nivå og fekk si løysing der.

Positivt med friske debattar

Askeland trekkjer samstundes fram kommunelova, som

også er tydeleg på kva som er innanfor og uanfor dei etiske normene.

– Det normative – kva samfunnet meiner er rett og gale av dei folkevalde – er blitt langt trongare no enn for ti år sidan, for ikkje å snakka for 20 år sidan.

– Så merksemda rundt etikk er større i dag?

– Ja, mykje større. Vi lever i ei tid der individets rettar er blitt veldig framtredande. Kommune og fylkeskommune har større krav på seg til å grunngje vedtak ut frå grunnleggjande rettspraksis, basert på eit likehandsamingsprinsipp.

Fylkesordføraren meiner vidare det er positivt og sunt med debattar på Facebook, men det er ikkje synspunkta framført på sosiale medier som skal vera retningsgivande for dei folkevalde sine vedtak.

– Men alt er blitt meir ope no, det er i dag heldigvis langt vanskelegare å gjera vedtak i lukka rom.

Knytta neven mot meg

– Har du nokon gong fått karakteristikkar mot deg som du føler er over streken?

Jon Askeland stryk den 17 år gamle katten Mimmi over pelsen medan han tenkjer etter.

– Eg trur ikkje eg har opplevd det. Eg har nok vore heldig i så måte. I samband med diskusjonane før kommunenesamslåinga var det nokre steile frontar som utkrysstelliserte seg, og det kunne koma litt tøffe kommentarar, men når folk er veldig engasjerte, må dei få lov til å ytra seg. Men for all del – eg har hatt folk på ordførarkontoret på Manger som nærmast har knytta neven til meg, seier Askeland, og held fram:

– Når enkelte har vore fortvila over eit eller anna og bedt om eit møte med meg, så har eg svara: Eg kan kanskje ikkje hjelpe deg, men eg vil gjerne høyra på deg. Det er ein type etikk i det også. Det kan gagna både personen og situasjonen, og for meg som tillitsvald er dette av stor verdi. Mange ønskjer å møta ein tillitsvald – som ordføraren – i staden for administrasjonen.

Ein klapp på skuldra hjelper

– Har du døme på at du sjølv har brukt uttrykk overfor personar som du har angra på i ettertid?

– Eg vel å tru at eg ikkje har gått til djupe personangrep,



Det er vanskeleg å fastslå om det var katten Mimmi eller Jon Askeland som var mest glad for å sjå kvarandre igjen etter at fylkesordføraren kom tilbake frå ferie i Nordfjord. Tilfredse er dei i alle fall begge to.

men at eg har slurva med leppa i kampens hete, er det ingen tvil om.

– Har du som ordførar måttा klubba ned ufine kommentalar?

– Ja, så klart, det har eg. Ein må gjerne føra heftige debattar, men eg har som leiar både i Radøy og i fylket uttalt at eg ikkje vil tolerera ufin oppførsel. Eg har alltid meint at ein etter tøffe ordskifte skal kunna klappa kvarandre på skuldra etterpå, også om du har blitt klubba ned. Det har eg vore heilt klar på, seier Jon, som har politiske motstandarar blant sine beste vener.

– Har det å vera politisk leiar gjort noko med di eiga etiske tenkjing?

– Eg kan i alle fall seia følgjande: Pass alltid på dei som står bakarst i køen. Eg er blitt meir bevisst på at samfunnet sin kvalitet blir målt på korleis vi tek vare på dei svakaste, dei som har færrest talspersonar. Det har vore ei nyttig erkjennung og ei viktig haldning å ha opp gjennom åra, avsluttar Jon Askeland på gardstunet heime på Sæbø.

**Knarvik
Blomsterstove**

Kvassnesvegen 11 – 5914 Istdalstø
Tlf: 56 35 62 20 – www.knarvikblomsterstove.no



VATNE
begravelsesbyrå



Tlf: **56 35 09 10** (24t)
Kvassnesvegen 11, 5914 Istdalsbø
vatne-byra.no



Øyvind Heggernes er 42 år, kjem frå Askøy, bur no i Austmarka på Radøy. Gift med Karethé, to born. Jobbar som helsefagarbeidar på Meland sjukeheim.

Øyvind Heggernes, helsefagarbeidar og gatemisjonær.

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenker på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
CHAT

SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

Ei spennande fortid, ei spennande framtid

Tekst: Anne Sofie Nergård Uthaug og Gunvor Taule Mjanger

Foto: Gunvor Taule Mjanger

Øyvind Heggernes skil seg litt ut frå dei fleste helsefagarbeidarar. Ei litt tøff ytterside rommar eit bankande hjarte for dei eldre han arbeider med. Men den rommar også ein historie som er verdt å høre.

Eg møtte Øyvind på Meland sjukeheim på besøk til mor mi, fortel Anne Sofie. Ho innrømmer at ho vart overraska med det same, ein stor sterk mann med nokre tatoveringar som bar preg av eit anna liv. Men ho såg også at han hadde eit godt lag med bebuarane med eit mildt og fint vesen - god til å aktivisera dei gamle, og med mykje respekt for hennar mor med demensliding.

- Korleis hamna du her, Øyvind?

- Eg har ei historie, ei spennande fortid, men ei spennande framtid også, seier Øyvind. Han vaks opp i ein kristen heim med ein god barndom. Starta med litt festing i 14-årsalderen, slik dei fleste unge rundt han også gjorde. Nokre av dei drog det litt lenger enn dei andre, starta med hasj og gjekk vidare til andre stoff. Øyvind kom i fengsel første gong som 18-åring, han feira dagen der. Då var han avhengig av amfetamin og han vart introdusert for heroin i fengselet. Han vart heroinbrukar fram til han var ca 30 år. Ni fengselsopphald vart det, og han brukte stoff heile tida. Litt stoff innanfor fengselsmurane gjev rolegare forhold, det vil alltid vera stoff i fengsel, trur han.

Mora har alltid bede for sonen sin. For 25 år sidan sa ho at ho var roleg for han, ho hadde lagt Øyvind i Guds hender. Ho var sikker på at han ville bli gatemisjonær. Øyvind beundrar mor si: - Når alt går på skinner og du kan ropa halleluja, er det lett å tru på Gud. Det er vanskelegare når du står i stormen, men ho gjorde det.

No er han gatemisjonær, i Bergen.

Vart fri

Øyvind prøvde avrusning i institusjon fleire gonger, utan å lukkast. Mora spurte om han ville prøva ein gong til på ein kristen rehabiliteringsheim, og han sa ja. Då kom han til

Nappane, og han hadde med seg heroin for nokre dagar. Så ville han ringja mora og seia at han hadde prøvd, men det gikk ikkje. Men, då møtte han Jesus som han aldri før hadde gjort det, og vart fri! Fri frå rus, abstinensar, banning og alt anna som følgde med.

– *Slike vitnemål gjev anten håp, eller ‘ja, ja, slik har det ikkje vore for meg’.*

– Kvifor det vart slik for meg og ikkje for andre, veit eg ikkje, seier Øyvind. – Det er ikkje alt me kan forklara. Gud veit mykje me ikkje veit.

Øyvind har stor tillit til Gud. Han vil be for folk, fordi Jesus seier me skal gjera det. Så ligg det i Guds hand vidare. Sjølv har han framleis vondt i ryggen. Han kan ikkje forklara kvifor, når han er fri alt det andre som har plaga han, men Gud veit det.

– Me trur på personen Jesus og hans historie, men ofte trur me lite på det han ber oss om å gjera, seier Øyvind. Sjølv trur han 100 % på Jesus, han trur det er mogeleg å følge Jesus og gjera som han har sagt.

Øyvind har ikkje hatt ein dag han har hatt lyst på rus, minna tyngjer han ikkje. Han er på gata i rusmiljøet kvar veke. Dei som kjenner han der, seier han er ein annan. Han ber bilete av den himmelske, slik det står skrive, trur han.

Frimot respekt

Etter opphaldet på Nappane, jobba han der ei tid, før han fekk eit vikariat på Bergen Kontaktcenter. Kristen rusomsorg er mykje vilje og evne, men mindre fag, hevdar Øyvind.. Han ville jobba med menneske med rusproblem og ta helsefagutdanning, sidan han såg behovet for fag. I utdanninga fekk han praksis på Meland sjukeheim, og likte seg godt. Sjefen sa han gjorde ein god jobb, og gav han stilling der. Øyvind har no vore der i fem år, og trivst framleis godt. Han er glad for at han får vera kristen på jobb, vera med å møta også det åndelege behovet til dei som bur på sjukeheimen, når dei ønsker det.

Er dei tøffe erfaringane dine noko du har nytte av i arbeidet ditt no?

– Det eg har gått gjennom, har gjort meg til den eg er, seier han, og det er den eg er Gud vil bruka. Øyvind veit kva einsem og isolasjon i institusjon er for noko, og kan bruka ei brokete fortid til noko positivt. Han vil gjera dagane for andre litt betre. « Alle ting tener til det gode for dei som elskar Gud», står det skrive.* Gud kan bruka vonde erfaringar når dei først er der, til noko godt. – Eg prøver å tenkja at det kunne vore mine foreldre som budde på sjukeheimen, seier Øyvind.

Det viktigaste er ikkje at det er strekk i lakenet, at gardinene heng rett og slike ting. Dei som bur på sjukeheimen skal kjenna seg meir som eit menneske enn som ein pasient. Dei skal ha det godt, seier Øyvind.

*Rom 8.28



Fengselstatovering med ny tyding: Always carry a Bible.



**HELLAND
ELEKTRO AS**

EL.INSTALLASJON - INGENIØRENESTER - SERVICE

Torhusmyrane 6
Nordhordland Næringspark
5913 Eikangervåg

Tlf: 56 34 24 30
E-post: post@helland-elektro.no
www.helland-elektro.no
Føretaksregisteret: NO 986 751 718 MVA



Arbeidsbåten MS Glimt klar for oppdrag

Allsidig arbeidsbåt som kan frakte materiell og utstyr til din kai eller i fjærsteinene der du trenger det.



Ta kontakt på tlf. 4013 6666

Båten har alle sertiferingar i orden, dei er også godkjent som skipbåt.

MS Glimt er har et dekkssareal på 22 m², og en kapasitet på 3 tonn. I tillegg er det ein kran med 8 tonn løftevikt. Båten har også eit kjereramme som kan legges ned for å frakte f.eks. minibagraver, ATV, motorisert trillebar, lift, stolles eller lignende. Båten stårker 1 m dypt.

Vårt mål er å tilby skipstjenester med båttransport, stativ, maskinutleie, brennere og matlære, att du måtte ha behov for.

Vi har personell og utstyr til å bygge/rehabilitera kaiar, naust, hytter og hus.

Bøvågen Service AS
Bøvågenvegen 16, 5934 Bøvågen
Tlf. 4013 6666





**RISNES
ELEKTRO AS**

Elinstallatør · tlf. 56349620

Bygg Team VEST AS



Alt innan tømrarfaget!

Konfirmasjon

Av sokneprest Kjell Johan Sekkingstad

Konfirmasjonstida er ei tid for læring, og konfirmantar har lært meg mykje. For dei stiller slike spørsmål:

Har du nokon gong tvilt på Jesu oppstode?

Trur du på «Big Bang»?

Kva ventar oss når vi døyr?

Er det kjekt å vera prest?

Eg har undervist konfirmantar i meir enn 25 år. I alle desse åra har ungdomane stilt spørsmål og utfordra meg, og det har fått meg til å forstå kva det er å vera ung, kva det er å vera menneske og medmenneske, og om livet. Det har gjort noko med meg og med trua mi.

Ordet konfirmasjon kjem frå det latinske *confirmare* som tyder å stadfesta, styrkja, kveikja opp. Tidlegare låg vekta på at det var konfirmanten som stadfesta Guds-trua si. Det er framleis mange som fortel at på konfirmasjonsdagen svara dei ja på at dei ville stadfesta dåpslovnaden, og dei ser tilbake på dette som ein viktig dag og eit viktig svar.

I dag er det større forståing for at tru ikkje er noko statisk. Trua endrar seg med tida og med erfaringar som vi gjer. Tru og tvil lever side om side og dominerer i vekslande grad.

Difor er konfirmasjon ei tid for å læra meir om kven den treeinige Gud er. På same måten som vi styrker og fornyer relasjonen når vi møter nokon vi har møtt før – kanskje for lenge sidan, er konfirmasjonstida ei tid for å fornya og styrkja relasjonen til Gud. Og i den avsluttande forbønsgudstenesta seier Gud: «Her er vi, du og eg. Eg stadfester relasjonen vår. Eg styrkjer deg, og gjev deg kveik til livet vidare.»



Robert Hermansen og Emilie Sofie Kalland er to av konfirmanthane på Manger i år.

HELÅS AS

- Gravminner og benkeplater
- Salg av nye steiner
- Vedlikehold
- Reprasjoner (nytt gull eller lakk)
- Navnetilføyelse
- Arbeid på kirkegårder (rette opp og sikre steiner)

Bare ta kontakt dersom du har spørsmål.
Tlf 93 03 75 94 / 56 37 35 45

GÅRDBRUKERSERVICE

LANDBRUK & MARINA

Etablert 1981

KULTUR-KALENDER

Søndag 26. september

Kl. 18.00 i Manger kyrkje. Fri entré.

«Jeg går i tusind tanker»

I høve 250-års-jubileet for Hans Nielsen Hauge tek Frode Skag Storheim oss med inn i Hauge si verd gjennom historie, kunst og musikk.

Meir info og reservasjon av plass på <https://autunnale.no/program-2021/hans-nielsen-hauge/>

Sjå også <https://kyrkja.no/bjorgvin>

Laurdag 23. oktober

Kl. 16.00 i Knarvik kyrkje:

«Eit lite rom» - konsert med Else Olsen Storesund (song, piano, trøorgel) og Solveig Sørheim (song, orgel, trøorgel).

Søndag 24. oktober

**Kl. 19.00. Minnekonsert i Meland kyrkje
for Arvid Sakseide.**

Velkommen til ein konsert der vi vil minnast Arvid i tonar og ord. Eit variert musikalsk program vert framført av nokre av dei aktørane Arvid hadde samarbeid med.


Fredag 12. november

**Kl. 19.00. Konsert i Meland kyrkje
med Solveig Leithaug.**

Onsdag 20. oktober

kl. 19.00 i Knarvik kyrkje

Prest og forfattar Eyvind Skeie kjem til Knarvik onsdag 20. oktober kl. 19. Skeie vil leie ein salmekveld, og med på laget er Alversund kammerkor. Skeie står bak 600 salmar, og han har gitt ut ei eiga salmebok med salmar han sjølv har dikta eller omsett. Skeie er ein av dei med flest salmar i Norsk salmebok. Mellom mykje anna har han også skrive manus til Sesam stasjon og Portveien 2.



Skeie seier sjølv om salmekvelden: «Det gir meg stor glede å komme rundt i norske kyrkjelydar. Det er fint å kunne presentere sine salmar og tankar, men alle best er det å kunne dele inspirasjon og glede. Eg vil gjerne at folk skal oppleve eit rikt spenn av kjensler på salmekveldane mine. Salmen er først og fremst menneskets stemme, i tekst og musikk. Den er gudshenvendelse, i slekt med bøna, både i glede og sorg, tru og tvil.»

Det blir gratis inngang og kollekt ved utgangen.

Tilbake i kirkebenken etter nedstenging

Tekst: Jan Rantrud, benkesliter i Melandkyrkja.

Det var litt som å komme hjem fra eksil. Vår tid utenfor et korona-lukket kirkebygg var jo slett ikke i nærheten av så dramatisk eller så lenge som Israels-folkets mange tiårs eksil i Babylon. De var tvangsfordrevne flyktninger i et annet land. Vi har bare måttet passe på et par meters avstand til hverandre. Men Israels-folket satt ikke bare ved Babylons elver og gråt over savnet av Sion. De tok vare på det de hadde samtidig som de lærte mye nytt. De skrev profetiske og poetiske skrifter og hadde med seg mye nytt tilbake.

Det har vi også. Prester, stab, råd og frivillige har mestret uvante situasjoner

på glimrende måte, og gitt oss gudstjenester, forkynnelse og musikk på nett. Vi har hatt rebusløp, uteaktiviteter og kunstutstilling. Mange av oss har fått oppgradert IT-kunnskapen, i mitt tilfelle fra nesten null til litt over.

Mange av oss her i Alver har jo sluppet billig fra pandemien, og jeg for min del er svært glad for å kunne sitte i trebenene i Melandkyrkja på søndagene for å få tilbake strukturen på ukene. Og for å oppleve igjen fellesskapet av levende mennesker, levende liturgi og musikk.

Og for å kunne se fram til å sitte i nye seter i en ny kirke på Frekhaug.



Frå kyrkjebenken

Tekst: Gunnar Kartveit

Foto: Aud Bjørkhaug

- Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?

For meg starta aktivitetsauken i kyrkjelyden i Radøy med å delta i soknerådet i 2 perioder frå 2012 - 2019. Dette opna opp for mange nye spennande bekjentskap. Oppgåver som medliturg på gudstenester, og deltaking i Utval for Diakoni og Misjon er fellesskap og tenester som er inspirerande å vera med i. Desse har gitt meg anledning å bli kjend med mange nye, flotte personar i kyrkjelyden vår.

- Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden?

Gudstenestefellesskap der Jesus Kristus vert forkjent, og at vi har 2 flotte, svært dyktige organistar, som berikar gudtenesteopplevinga for oss; når dei leier og lyfter oss i salmesong, lovprising og all musikk dei bidreg med. I tillegg vil eg nemna alle dei gode opplevingane som berre kjem når vi samlast, anten til gudsteneste eller i andre samanhengar.

- Korleis vil du skildra kyrkja?

Hordabø kyrkje er mi nærværkyrkje og den eg kjenner meg mest knytt til. Det har sikkert også noko med at det var her far fortalte han i sin ungdom gjekk og hørde på prestane Holmås og Rød. Her møter eg engasjerte folk både i kyrkjelydsutval og elles. Sjølv om ein alltid skulle ønskt seg fleire på gudstenestesamlingane, opplever eg at kyrkja betyr noko for folk i bygda og vert sett pris på. Eg tenkjer at dette alltid vil vera ei utfordring at fleire kunne vera med og ta del.

- Kva salme syng du gjerne for tida?

Nett no er det ein gammal Kingo-salme frå 1689; ein salme alle kjenner og som dei fleste av oss har hatt med oss frå barndommen av. Ein salme som tidlegare ofte avslutta dei fleste kristne fellesskap. Eg tenker på salmen: Skriv deg Jesus på mitt hjerte, som dei fleste av oss har sunge mange gonger. Då kan det også vere at orda og innhaldet kan koma litt vekk i gjentakinga. Salmen vart på ein måte "ny" for meg att, då den for kort tid sida vart teke fram i ein andakt eg las. Her er teksten - til ny ettertanke.



FAKTA

Namn: Per Bjørkhaug

Alder: 70 år

Bustad: Villanger på Radøy

Yrke: Pensjonist. Utdanna sosionom/diakon. Har arbeidd i privat og offentleg sektor.

*Skriv deg Jesus, på mitt hjerte, du min konge og min Gud,
at ei lyst, ei heller smerte, deg formår å slette ut!
Denne innskrift på meg sett: Jesus i fra Nasaret,
den korsfestede, min ære og min salighet skal være.*

- Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?

Den gode drøsen rundt kaffen er her eit sikkert kjenneteikn på "God Kyrkjekaffi". Den har vore eit sakn i desse koronatidene, men godt den no er på veg inn att.

HEDER | NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ | Ditt lokale gravferdsbyrå

ALLTID HER FOR deg

DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70

Kyrkjevegen 1 Havnevegen 31 Elvavegen 1
Alversund Frekhaug Dalekvam

MELAND ELEKTRO
AUTORISERT ELEKTROENTREPENØR

Mjåtvitflaten 45 • 5918 FREKHAUG
Tlf 56 17 87 00 • post@melandelektr.no
www.melandelektr.no

Glimt frå konfirmantleir

Tekst og Foto: Geir Øy

Like før skulen begynte igjen etter sommaren, var årets konfirmantar på leir på Dyrkolbotn. Kullet denne gongen er rekordstort. 78 ungdommar var med på leiren som strekte seg over tre dagar. Etter eit år med få samlingar blei leiren ein anledning til å ta igjen noko av det tapte. Det blei fleire korte undervisningsøkter, leirkveld, leik og aktivitetar og gudsteneste siste dagen. Her er nokre glimt frå leiren.



LIKAR DU DET DU LES?

Nokre tilsette og frivillege brukar tid og ressursar på å skriva om saker som me vonar gjer bladet innhaldsrikt og interessant å lesa. Grafisk design og trykking kostar. Nokre av desse utgiftene vert dekte av våre fantastiske annonsørar, noko vi er svært takksame for!

Vi treng meir støtte for å koma i hamn, og viss du har lyst å støtta kyrkjebladet, er du velkommen til det!

Set inn valfritt beløp til kontonr: **3633.67.39882** eller bruk VIPPS til **nr 517310** Merk innbetalinga med "Støtte til Kyrkjekontakten".

Tusen takk!
Helsing Knarvik sokneråd

Vipps

517310

Slekters gang

Knarvik

Døypte

- 08.05.21 Hallvard Yrke
- 16.05.21 Trygve Dalland Husabø
- 16.05.21 Asbjørn Dalland Husabø
- 23.05.21 Nelia Nøttveit Kvamme
- 23.05.21 Amalie Sande Blindheim
- 20.06.21 Ewald Svenson-Hamlander
- 18.07.21 Agnes Mjølsvik Kårdal
- 01.08.21 Sara Elise Kaspersen
- 01.08.21 Olav Bringeland Mehl
- 15.08.21 Lillie Lødemel Johnsen
- 15.08.21 Julia Kvamme Dale
- 15.08.21 Emilie Rasdal
- 15.08.21 Malin Ynnesdal Løland

Vigde

- 10.07.21 Marthe Halle og Elias Lavik
- 07.08.21 Mari Giskegerde og Håkon Rydland

Døde

- 26.04.21 Ludvig Aase f. 1939
- 08.05.21 Alvhild Oddny Refvik f. 1937
- 17.05.21 Stein Arne Henriksen f. 1959
- 23.05.21 Gerd Karin Gaare f. 1934
- 11.06.21 Gudrun Mjelde f. 1922
- 28.06.21 Johannes Arnt Øvretveit f. 1932
- 22.07.21 Mary Ann Skage f. 1946
- 03.08.21 Arne Mehl f. 1948
- 06.08.21 Gunnar Arne Heggernes f. 1936

Alversund

Døypte

- 30.05.21 Philip Stensaker Mørner
- 27.06.21 Silas Gilje Majlaton
- 27.06.21 Hjalmar Stuve
- 25.07.21 Henrik Storheim Bringeland

Vigde

- 08.05.21 Elise Kvamme og Glenn Stendal
- 26.06.21 Anette Johnsen og Kai-Olav Kvamme
- 17.07.21 Mona Pettersen og Håvard Sudmann

Døde

- 13.05.21 Aslaug Titland f. 1923
- 11.06.21 Randi Litleskare f. 1917

Seim

Døypte

- 11.07.21 Sander Haugsvær Langsæter
- 08.08.21 Thale Ingebrigtsen Laukholt
- 08.08.21 Abel Bongom Andersen

Døde

- 24.07.21 Kjellaug Ingeborg Seim f. 1936

Lygra

Døypte

- 26.06.21 Tor Lygre
- 26.06.21 Ingrid Lygre

Vigde

- 12.06.21 Veronica Bergås Pletten og Knut-Ove Grenasberg

Fredagskaffi på Kyrkjelydshuset

Kaffikosken på Kyrkjelydshuset i Alversund gjenoppstår etter ein naturleg pause som FREDAGSKAFFI! Namnet er nytt, men elles er det meste som før! Siste fredag i månaden vert det samling i Kyrkjelydshuset kl. 14 til 16. Det blir samlingar fredag 24. september, 29. oktober og juleavslutning 26. november. Det blir ein kort andakt, song, gjerne opplesing og sjølvsagt god tid til prat, vaflar og kaffi! Komiteen ønsker alle velkomne!

Fram til ny sokneprest er på plass i Knarvik sokn, er det kjende ansikt ein vil møte i kyrkjene våre. Fram til midten av oktober vil prost Helge Taranrød, seniorprest Magne Bjørndal og prest Tone Marit Ø. Dyrkolbotn dele på sokneprestoppgåvene i soknet. Når Lindås-prest Ole Marton Ølberg er ferdig med konfirmasjonane i haust, er han klar for å vere vikar i soknepreststillinga i dei fire kyrkjene våre. Tilsetjing av ny sokneprest i Knarvik sokn vil finne stad på Bjørgvin bispedømmeråd sitt møte i slutten av oktober. Det betyr at ny prest kan vere på plass i februar eller mars.



Seimstrand as

5912 SEIM - tlf. 56 35 79 00 - fax 56 35 79 15



Nordhordland Elektro

Lindåsvegen 153, 5914 Isdalstø

Tlf.: 56 35 73 80 | post@nordhordland-elektro.no

elektrikerkjeden
norgeseliten
Den trygges - virksomhet



Tankestrek

Ved Geir Øy

Korleis blir lokalsamfunnet vårt når ikkje korona set så mange grenser for oss lenger? Sjukdomen har sine seinverknadar for ein del som er ramma. Seinverknadar kan også ramme kvardegen vår og livet vårt. Når me er tilbake til normalen, trur eg at flya til Syden snart vil bli fulle. Verre er det med lokale aktiviteter og oppslutnaden om desse. Idrett, kyrkje og kultur er viktige element i lokalmiljøet. Det er blitt sagt og skrive at idretten har merka eit fråfall både blant barn og vaksne den siste tida. For lokalmiljøa våre vil det vere eit tap om fritidsaktivitetar og ulike kulturtildot får mindre oppslutnad. Slike tilbod bidrar til å skape samkjensle og identitet ved at me kjenner at her høyrer me til. Av gode grunnar har me vore mykje opptatt av «meg og mitt» i koronatida. Det har me blitt oppmoda til. Men framover vil me verkeleg tape noko dersom sofaen og fjernsynet vinn over engasjement og deltaking utanfor heimane våre. Dette gjeld sjølvsagt også i kyrkja. Det gode fellesskapet veks berre fram om me møtest, blir kjent og har gode felles opplevelingar. Livet blir fattigare om me ikkje tar tilbake fleire av desse gode møtepunkta innan kulturlivet, idretten eller kyrkja.

Dette er den siste tankestreken frå min hand. Når eg ser tilbake er eg glad for at kyrkjelydane i Alver har lukkast å gje ut eit felles kyrkjelydsblad som samstundes har lokale sider. I beste fall er det også med og bind bygdene saman.



DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellesråd

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø

post.alver@kyrkja.no

www.kyrkja.no/alver

Kyrkjeeverje: John Fredrik Wallace
jw734@kyrkja.no

Leiar i fellesrådet: Grethe Lunde,
gr-lunde@online.no

Soknerådsleiar:
Janicke Gruehagen Lyngøy

Kyrkjekontakten

Utgjevar: Knarvik sokn, i
samarbeid med Meland sokn,

Osterfjorden sokn, Mo sokn og
Radøy sokn.

Redaktør: Gunvor Taule Mjanger
Lokal redaksjon: Geir Øy og
Øystein Skauge

Grafisk design: Simen Søvik
Trykk: Bodoni AS

Framsidebilete: Geir Øy blir
sjømannsprest i New York. Foto:
Øystein Skauge



Synnøve Bjørndal
Dagleg leiar
sb876@kyrkja.no



Magne Bjørndal
Seniorprest
mb578@kyrkja.no



Helle Kartveit
Konfirmantlærar (vikar)
hk737@kyrkja.no



Tone Marit Håland Dyrkolbotn
Spesialprest (vikar)
td663@kyrkja.no



Nina Jenny Tresvik Monstad
Trusopplærar
nm853@kyrkja.no



Bjørn Furukawa
Kyrkjetenar
bf982@kyrkja.no



Odd Leif Mjøs
Kantor
om623@kyrkja.no



Helge Taranrød
Prost
ht759@kirken.no



John Fredrik Wallace
Kyrkjeeverje
jw734@kyrkja.no

Kristine Rykkje Hopland
trusopplærar (permisjon)

Torbjørn Sæle
spesialprest (permisjon)

GUDSTENESE-KALENDER



Knarvik

18. september

Laurdag
Kl. 10.30 og 12.30 v/
Tone Marit Øvretveit
Øvretveit Dyrkolbotn.
Konfirmasjonsgudsteneste.

19. september

17. s. i treeiningstida
Kl. 10.30 og 12.30 v/
Tone Marit Øvretveit
Øvretveit Dyrkolbotn.
Konfirmasjonsgudsteneste.

25. september

Laurdag
Kl. 10, 12 og 13.30 v/
Tone Marit Øvretveit
Øvretveit Dyrkolbotn.
Konfirmasjonsgudsteneste.

26. september

18. s. i treeiningstida
Kl. 10.30 og 12.30 v/
Tone Marit Øvretveit
Øvretveit Dyrkolbotn.
Konfirmasjonsgudsteneste.

26. september

18. s. i treeiningstida
Kl. 19.30 v/ Helge Taranrød.
Kveldsgudsteneste.
Nattverd.

7. november

Helgemesse
Kl. 11 v/ Ole Marton Ølberg.
Dåp/nattverd.

14. november

25. s. i treeiningstida
Kl. 11 v/ Ole Marton Ølberg.
Nattverd.

21. november

Domssøndag/Kristi
kongedag
Kl. 11 v/ Helge Taranrød. Dåp/
nattverd.

10. oktober

20. s. i treeiningstida
Kl. 11 v/ Helge Taranrød. Dåp/
nattverd.

17. oktober

21. s. i treeiningstida
Kl. 11 v/ Tone Marit Øvretveit
Øvretveit Dyrkolbotn. Dåp/
nattverd.

24. oktober

22. s. i treeiningstida
Kl. 11 v/ Tone Marit Øvretveit
Dyrkolbotn. Dåp. 4-årsbok.

31. oktober

Bots- og bønedag
Kl. 19.30 v/ Tone Marit
Øvretveit Dyrkolbotn.
Konfirmantpresentasjon.

28. november

1. s. i adventstida
Kl. 19.30 v/ Tone Marit
Øvretveit Dyrkolbotn.
Lysmesse.

5. desember

2. s. i adventstida
Kl. 11 v/ Tone Marit
Øvretveit Dyrkolbotn.
Familiegudsteneste.
LysVaken. Dåp.



Alversund

31. oktober

Bots- og bønedag
Kl. 11 v/ Ole Marton
Ølberg og Tone Marit
Øvretveit Dyrkolbotn. Dåp.
Konfirmantpresentasjon.

7. november

Helgemesse
Kl. 18 v/ Ole Marton Ølberg
og Magne Bjørndal.
Minnegudsteneste.

28. november

1. s. i adventstida
Kl. 11 v/ Ole Marton Ølberg.
Dåp.

10. oktober

20. s. i treeiningstida
Kl. 11 v/ Magne Bjørndal.
50-60-årskonfirmantar.

14. november

25. s. i treeiningstida
Kl. 11 v/ Tone Marit
Øvretveit Dyrkolbotn. Dåp.
Konfirmantpresentasjon.



Seim

14. november

25. s. i treeiningstida
Kl. 13.30 v/ Tone Marit
Øvretveit Dyrkolbotn.
Dåp. 4-årsbok.
Konfirmantpresentasjon.

5. desember

2. s. i adventstida
Kl. 19.30 v/ Ole Marton
Ølberg. Lysmesse.



Lygra